



DELÅRSRAPPORT **1. kvartal 2013**

Voss, 23. april 2013
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 1. KVARTAL 2013

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA syner eit resultatet før skatt i 1. kvartal på 4,4 mill. kr mot 9,5 mill. kr i 1. kvartal i fjor. Resultatet tilsvarar 0,52% i år, mot 1,20% i fjor av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet. Etter skatt er kvartalsresultatet 3,0 mill. kr, mot 8,2 mill. kr i fjor. Dette tilsvarar 0,36% i år og 1,03% i fjor av GFK i kvartalet.

Resultatreduksjonen skuldast reduserte inntekter frå verdipapir samstundes som bankdrifta har utvikla seg positivt samanlikna med 1. kvartal i fjor.

RENTEMARGIN

I 1. kvartal er netto renteinntekter auka med 0,4 mill. kr til 16,9 mill. kr, samanlikna med 1. kvartal i fjor. I % av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet er rentemarginen 2,01% mot 2,06% i 1. kvartal i fjor.

Etter nye reglar frå styresmaktene er det i kvartalet belasta avgift til Bankenes Sikringsfond med 0,5 mill. kr, noko som utgjer reduksjon i rentemarginen på 0,06% i høve til fjoråret. Banken er difor godt nøgd med at rentemarginen held seg over 2,0%.

INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Utviklinga på banken sine papir investert på Oslo Børs har vore svak i 1. kvartal, spesielt samanlikna med 1. kvartal i fjor. Banken har inntektsført verdiendringar på verdipapirporteføljen med 0,3 mill. kr, mot ei inntektsføring 5,1 mill. kr i 1. kvartal i fjor.

DRIFTSKOSTNADER

I 1. kvartal i år er driftskostnadane på 12,0 mill. kr, mot 11,7 mill. kr i 1. kvartal i fjor. I % av GFK i kvartalet er driftskostnadane på 1,42%, mot 1,48% i fjor.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 1. kvartal har banken tapsført 1,0 mill. kr som er det same som for 1. kvartal i fjor. Samla netto misleghaldne engasjement ved utgangen av 1. kvartal i 2013 er på 68,4 mill. kr mot 35,8 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal 2012. I % av brutto utlån utgjer dette 2,38% pr. 31.03.13, mot 1,32% pr. 31.03.12. For nærmare spesifikasjon sjå eigen tapsnote.

RÅDVELDEKAPITAL

I 1. kvartal er rådveldekapitalen redusert med 61,3 mill. kr eller 1,93%. Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 65 mill. kr eller 2,0%.

INNSKOT

I 1. kvartal er innskota redusert med 4 mill. kr eller 0,2%. I 1. kvartal i fjor vart innskota redusert med 38 mill. kr som tilsvarte 1,8%.

Pr. 31.03.13 er innskot frå kundar på 2.227 mill. kr mot 2.065 mill. kr pr. 31.03.12, ein auke på 162 mill. kr eller 7,8%.

Innskotsdekninga frå kundar held seg på eit høgt nivå, og var ved utgangen av 1. kvartal 77,4% av brutto utlån, mot 76,2% på same tid i fjor.

UTLÅN

I 1. kvartal har banken ein auke i utlåna på 27 mill. kr, eller 1,0%.

Ved utgangen av kvartalet er brutto utlån til kundar 2.876 mill. kr mot 2.709 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal i fjor. Dette utgjør ein auke på 167 mill. kr eller 6,2%. For nærmare spesifikasjon sjå eigen note.

LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.227 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense) pr kunde 287 mill. kr eller berre omlag 13%.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter dei nye Basel II reglane er 358,4 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 18,56%. Kjernekapitalen er samstundes 299,2 mill. kr, eller 15,50%. I høve til minimumskrava er overdekninga 203,9 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 13,68%.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

UTSIKTENE FOR 2013

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Vi forventar at rentenivået me har i dag vil halde seg nokolunde stabilt framover. Etter banken sin overgang som fullverdig medlem i Eika-gruppen, forventar ein lågare relative innkjøpskostnader på både drift og finansiering, noko som vil styrkja banken framover.

Kontaktpersonar: Banksjef Jan Arveschoug eller ass. banksjef Einar Larsen tlf 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

| | 31.03.13 | 31.03.12 | 31.12.12 |
|---|---------------|----------|----------|
| Renteinntekter og liknande inntekter | 35.896 | 35.694 | 146.785 |
| Rentekostnader og liknande kostnader | 18.970 | 19.205 | 76.523 |
| Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter | 16.926 | 16.489 | 70.262 |
| Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning | 32 | 15 | 2.538 |
| Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester | 956 | 994 | 4.781 |
| Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester | -814 | -518 | -2.351 |
| Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar | 356 | 5.136 | 1.223 |
| Andre driftsinntekter | 10 | 165 | 726 |
| Sum andre inntekter | 540 | 5.792 | 6.917 |
| Sum netto inntekter | 17.466 | 22.281 | 77.179 |
| Løn og generelle administrasjonskostnader | 9.063 | 8.293 | 35.048 |
| Ordinære avskrivningar | 1.627 | 1.899 | 6.232 |
| Andre driftskostnader | 1.329 | 1.500 | 4.981 |
| Sum kostnader | 12.019 | 11.692 | 46.261 |
| Resultat før tap | 5.447 | 10.589 | 30.918 |
| Tap på utlån, garantiar m.v. | 1.089 | 1.038 | 3.062 |
| Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar | 0 | 0 | 0 |
| Netto tap og avskrivningar | 1.089 | 1.038 | 3.062 |
| Resultat før skatt | 4.358 | 9.551 | 27.856 |
| Skatt på ordinært resultat | 1.313 | 1.343 | 6.992 |
| Resultat før rekneskapsåret | 3.045 | 8.208 | 20.864 |
| Andre inntekter og kostnader | | | |
| Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal | 1.704 | 347 | -2.173 |
| Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal | -355 | -97 | 141 |
| Sum andre postar | 1.349 | 250 | -2.032 |
| Totalresultat | 4.394 | 8.458 | 18.832 |
| Resultat pr. aksje | 32,05 | 86,40 | 219,62 |
| Utvatna resultat pr. aksje | 32,05 | 86,40 | 219,62 |

BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

EIGNELUTAR

| | 31.03.13 | 31.03.12 | 31.12.12 |
|---|------------------|------------------|------------------|
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 55.849 | 118.036 | 72.360 |
| Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar | 11.346 | 39.313 | 118.981 |
| Netto utlån og fordringar på kundar | 2.830.765 | 2.665.884 | 2.804.073 |
| Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning | 286.621 | 312.496 | 253.668 |
| Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning | 61.189 | 60.848 | 60.149 |
| Immaterielle eignelutar | 18.998 | 3.749 | 20.000 |
| Finansielle derivat | 418 | 35 | 406 |
| Varige driftsmidlar | 37.759 | 37.692 | 37.770 |
| Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter | 12.789 | 12.551 | 9.671 |
| SUM EIGNELUTAR | 3.315.734 | 3.250.604 | 3.377.078 |

GJELD OG EIGENKAPITAL

| | | | |
|--|------------------|------------------|------------------|
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Innskot frå og gjeld til kundar | 2.227.840 | 2.065.183 | 2.232.207 |
| Obligasjons- og sertifikatgjeld | 644.716 | 749.270 | 711.577 |
| Finansielle derivat | 643 | 373 | 643 |
| Utsett skatt | 2.767 | 3.003 | 2.270 |
| Anna gjeld | 14.463 | 15.159 | 20.015 |
| Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter | 21.608 | 25.118 | 11.004 |
| Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar | 6.394 | 6.553 | 6.311 |
| Ansvarleg lånekapital | 85.000 | 84.440 | 85.000 |
| Sum gjeld | 3.003.431 | 2.949.099 | 3.069.027 |

EIGENKAPITAL



| | | | |
|--|----------------|----------------|----------------|
| <i>Innskoten eigenkapital</i> | | | |
| Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-) | 9.500 | 9.500 | 9.500 |
| - Behaldning eigne aksjar | -15 | -15 | -15 |
| Sum innskoten eigenkapital | 9.485 | 9.485 | 9.485 |
| <i>Opptent eigenkapital</i> | | | |
| Annan eigenkapital | 302.818 | 292.020 | 298.566 |
| Sum opptent eigenkapital | 302.818 | 292.020 | 298.566 |
| Sum eigenkapital | 312.303 | 301.505 | 308.051 |

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

| | | | |
|---------------------------------|-----------|-----------|-----------|
| Garantiansvar | 51.353 | 39.269 | 51.276 |
| Pantsetjingar | 66.041 | 65.675 | 61.153 |
| Eigenkapitaldekning | 18,56 % | 18,00 % | 19,19 % |
| Gjennomsnittleg rådveldekapital | 3.342.280 | 3.074.466 | 3.296.371 |

Voss, 23. april 2013


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Jorunn Lødemel
Styreformann

Åse-Karin Tennebekk


Dagfinn Gjøstein


Stig Gunnar Røthe


Norvald Fretheim


Jan Arveschoug
banksjef

TAP PÅ UTLÅN

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar
 Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar
 Endring i gruppevis nedskrivningar
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
 Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for
 Inngang på tidlegare avskrivne tap

Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

| | 31.03.13 | 31.03.12 | 31.12.12 |
|---------------------------|--------------|----------|----------|
| | 1.000 | 547 | 1.790 |
| | 0 | -95 | 0 |
| | 0 | 500 | 820 |
| | 100 | 126 | 480 |
| | 0 | 0 | 41 |
| | -11 | -40 | -69 |
| Sum tap i perioden | 1.089 | 1.038 | 3.062 |

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån
 Individuelle tapsnedskrivningar

Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement
 Individuelle tapsnedskrivningar
 Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

Netto tapsutsette engasjement

| | | | |
|--------------------------------------|----------------|--------|--------|
| | 78.654 | 41.107 | 37.338 |
| | 10.191 | 5.263 | 5.455 |
| Netto misleghaldne lån | 68.463 | 35.844 | 31.883 |
| | 60.067 | 53.614 | 75.905 |
| | 18.465 | 21.037 | 22.201 |
| Netto tapsutsette engasjement | 41.602 | 32.577 | 53.704 |
| | 110.065 | 68.421 | 85.587 |

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån
 Amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar
 Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar
 Gruppevis nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar
 Netto utlån til kundar

| | | | |
|-------------------------------|------------------|-----------|-----------|
| | 2.876.997 | 2.709.440 | 2.849.305 |
| | 0 | 1.055 | 0 |
| | -28.656 | -27.355 | -27.656 |
| | -17.576 | -17.256 | -17.576 |
| Netto utlån til kundar | 2.830.765 | 2.665.884 | 2.804.073 |

KAPITALDEKNING

| | 31.03.13 | | 31.03.12 | | 31.12.12 | |
|---|-------------------------|------------------|-------------------------|------------------|-------------------------|------------------|
| | Bereknings- grunnlag | Kapital- krav | Bereknings- grunnlag | Kapital- krav | Bereknings- grunnlag | Kapital- krav |
| Lokale og regionale styresmakter | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Institusjonar | 18.264 | 1.461 | 64.225 | 5.138 | 68.004 | 5.440 |
| Føretak | 425.702 | 34.056 | 653.400 | 52.272 | 325.886 | 26.071 |
| Massemarknad | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Pantsikring i bustad og fritidseigedom | 1.133.148 | 90.652 | 784.555 | 62.764 | 1.136.304 | 90.904 |
| Forfalne engasjement | 56.385 | 4.511 | 65.706 | 5.256 | 18.292 | 1.463 |
| Obligasjonar med fortrinnsrett | 5.531 | 442 | 10.998 | 880 | 5.532 | 443 |
| Andelar i verdipapirfond | 2.639 | 211 | 8.870 | 710 | 6.070 | 486 |
| Andre engasjement | 171.686 | 13.735 | 305.188 | 24.415 | 189.723 | 15.178 |
| Sum kredittrisiko | 1.813.355 | 145.068 | 1.892.942 | 151.435 | 1.749.811 | 139.985 |
| Operasjonell risiko | 135.137 | 10.811 | 133.037 | 10.643 | 133.037 | 10.643 |
| Frådrag for gruppevis nedskrivningar | -17.576 | -1.406 | -17.256 | -1.380 | -17.576 | -1.406 |
| Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Samla kapitalkrav | 1.930.916 | 154.474 | 2.008.723 | 160.698 | 1.865.272 | 149.222 |
| Innbetalt aksjekapital | 9.500 | | 9.500 | | 9.500 | |
| - egne aksjar | -15 | | -15 | | -15 | |
| Annan eigenkapital | 273.750 | | 257.657 | | 274.245 | |
| Fondsobligasjonar | 35.000 | | 34.440 | | 35.000 | |
| - immaterielle eignelutar / utsett skattefordel | -18.998 | | 0 | | -20.000 | |
| Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar | 0 | | 0 | | 0 | |
| Sum kjernekapital | 299.237 | 15,50 | 301.582 | 15,01 | 298.730 | 16,02 |
| Fond for urealiserte verdiendringar | 9.195 | | 10.026 | | 9.195 | |
| Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital | 50.000 | | 50.000 | | 50.000 | |
| Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar | 0 | | 0 | | 0 | |
| Sum tilleggskapital | 59.195 | 3,07 | 60.026 | 2,99 | 59.195 | 3,17 |
| Sum ansvarleg kapital | 358.432 | 18,56 | 361.608 | 18,00 | 357.925 | 19,19 |

ENDRING I EIGENKAPITALEN

| | 31.03.13 | 31.03.12 | 31.12.12 |
|--|----------------|----------------|----------------|
| Eigenkapital ved inngangen til året | 308.051 | 293.047 | 293.047 |
| Utbetalt utbytte førre år | 0 | 0 | -3.800 |
| Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal | 1.349 | 250 | -2.032 |
| Kjøp / sal egne aksjar | 0 | 0 | -21 |
| Resultat i perioden | 3.045 | 8.208 | 20.857 |
| Eigenkapital ved periodeslutt | 312.445 | 301.505 | 308.051 |

KONTANTSRAUMOPPSTILLING

| | Alle tal i heile NOK 1.000 | | |
|--|----------------------------|----------------|----------------|
| | 31.03.13 | 31.03.12 | 31.12.12 |
| Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar | 40.266 | 33.830 | 157.681 |
| Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar | -10.352 | -8.676 | -78.083 |
| Andre innbetalningar | 436 | 476 | 4.439 |
| Driftsutbetalningar | -10.944 | -10.240 | -43.581 |
| Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap | 11 | 40 | 69 |
| Utbetalt utbytte | 0 | 0 | -3.800 |
| Betalte skattar | -6.963 | -24 | -6.964 |
| Tilført frå verksemda | 12.454 | 15.406 | 29.761 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar | -25.514 | -58.044 | -198.252 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar | -10.563 | -38.170 | 128.854 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld | -66.860 | 83.079 | 45.386 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar | -1.579 | -155 | -29 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir | -32.079 | -29.002 | 26.288 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar | 0 | 0 | 0 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld | 100 | 1.655 | 4.704 |
| Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital | 0 | 0 | 0 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar | 0 | 0 | 0 |
| Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd | -136.495 | -40.637 | 6.951 |
| Investert i varige driftsmidlar | -105 | -806 | -2.581 |
| Investert i immatrielle eignelutar | 0 | 0 | -23.715 |
| Avgang varige driftsmidlar, til salssum | 0 | 0 | 0 |
| Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir | 0 | -7.500 | -9.961 |
| Netto kontantstraum frå investeringar | -105 | -8.306 | -36.257 |
| Netto endring likvidar | -124.146 | -33.537 | 455 |
| Likviditetsbeholdning ved inngangen til året | 191.341 | 190.886 | 190.886 |
| Likviditetsbeholdning ved periodeslutt | 67.195 | 157.349 | 191.341 |
| Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av: | | | |
| Kontantar og fordringar på sentralbankar | 55.849 | 118.036 | 72.360 |
| Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid | 11.346 | 39.313 | 118.981 |
| Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt | 67.195 | 157.349 | 191.341 |